

## FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL AV FLOTHYL, VINJE KOMMUNE

Føresegn nr 7 endra:

PL-sak 07/81

Dato 22.08.07

1. Disse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

### 2. Felles føresegner

- a) Dersom det under anleggsarbeidet i området skulle dukke opp freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle regionaletaten, jmf Kulturminnelova § 8.2.
- b) All graving og sprenging i området skal gjerast med varsemd. Alt anna areal enn veg, parkering, byggegrunn eller uteområde, skal så langt det er mogleg førast attende til opphøveleg utsjånad når området er ferdig utbygd.
- c) Det er ikkje høve til å setje opp gjerde, flaggstenger eller lignande i området.
- d) Tekniske anlegg skal så langt det er mogleg ligge i vegtraseane. Dette må skje samtidig med at vegtraseane bli opparbeidde.
- e) Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, er det ikkje lov å opprette privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.
- f) Det skal opparbeidast min 2 parkeringsplassar for kvar hytte, både sommar- og vinterparkering.
- i) Straumforsyning til hyttene skal leggast i jordkabel.

### 3. Byggeområde

- a) Hyttene skal vera plassert og utforma slik at dei fell naturleg inn i landskapet. Pelen på kvar tomt skal ligge innanfor hytteveggane.
- b) Hyttene skal ikkje overstige 100 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA).
- c) På tomtene 20, 23 og 31 skal ikkje BRA overstige 85 m<sup>2</sup>.
- d) Alle bygningar skal vera av tre med ståande klenning eller lafteveggar. Delar av bygning kan vera forblenda med naturstein. Treverket skal ha mørke, naturvenlege fargar.
- e) Taket skal utførast som saltak med takvinkel mellom 25 -30°. Takteking skal vera torv. Som hovudregel skal møneretningen ligge langs høgdekotene.
- f) Takutstikk skal vera min. 50 cm både på gavl- og langvegg.
- g) Alle hytter skal stå på ringmur. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstige 0,3 m.

- h) Bygningar kan berre oppførast i ein etasje. Mønehøgda skal ikkje overstige 6 m. Gesimshøgda skal ikkje vera over 3,5 m i høve til planert terreng.

#### 5. Fareområde

Innanfor dette området går det ei høgspenline. I ein avstand på 8 meter til kvar side for midtledar, er det ikkje lov å setje opp byggverk.

#### 6. Spesialområde

##### Privat veg og parkering

Opparbeidd privat grusveg 3 m, skal nyttast som tilkomstveg til hytter, parkeringsplassar og til landbruk/skogbruksdriftopparbeidd 22 vinter p-plassar for hyttene på toppen av feltet.

##### Masseetak

Dette området vil bli nytta til masseuttak i samband med utbygginga. Masseetaket skal vera avslutta eit år etter at utbygginga av området er ferdig. Det skal då vera planert og tilsådd. Det bør også plantast fjellbjørk i det tilsådde området.

##### Kommunalteknisk anlegg

På denne plassen er det sett av plass til søppelkonteinerar.

#### 7. Vatn og avløp

HØG-SANITER-STANDARD

##### Dispensasjon

Kommunen kan dispensere frå føresegnene i planen når det er innanfor gjeldande føresegner i Plan- og bygningslova.

Olav E. Ringhus  
Haukeli 15.02.2004